

Oppdragsgjevar

Øygarden kommune

Rapporttype

Planskildring til områderegulering, med konsekvensutgreiing

11.11.2019

PLANSKILDRING OG KU

OMRÅDEPLAN BLOMVÅG

VEST



**PLANSKILDRING OG KU
OMRÅDEPLAN BLOMVÅG VEST**

Oppdragsnr.: 1350023133
Oppdragsnavn: Områderegulering Blomvåg vest
Dokument nr.: 1
Filnavn: Planskildring og KU_Blomvåg-vest

Revisjonsoversikt

Revisjon	Dato	Revisjonen gjelder	Utarbeida av	Kontrollert av	Godkjent av
00	15.04.19	Planskildring	LBHE	BKA/HST	
01	06.05.19	Revisjon etter innspel frå ØK	BKA/HST	HST	
02	11.11.19	Revisjon etter offentlig ettersyn; endeleg oppdatering etter KS-vedtak og før kunngjøring av vedteken plan	HST	LBHE	

INNHOOLD

1.	SAMANDRAG	7
2.	NØKKELOPPLYSNINGAR.....	7
3.	BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET	8
3.1	Bakgrunn	8
3.2	Kvalitetar som planframlegget bidreg med	8
4.	PLANPROSESSEN	9
4.1	Vedtak om oppstart.....	9
4.2	Varsel om oppstart av planarbeidet	9
4.3	Medverknadsprosess	9
4.4	Plangrense	10
5.	GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER	11
5.1	Statlege planretningslinjer	11
5.2	Regionale planar	11
5.3	Kommunale planar	11
5.3.1	Arealdelen til kommuneplanen 2014-2022	11
5.3.2	Kommunedelplanar	12
5.4	Reguleringsplanar	12
5.5	Lokale retningslinjer/normer	12
5.6	Avvik frå planar og retningslinjer	12
6.	SKILDING AV PLANOMRÅDET I DAG	13
6.1	Lokalisering.....	13
6.2	Avgrensing og storleik på arealbruk.....	14
6.2.1	Grunngjeving av planavgrensinga	15
6.2.2	Skildring av dagens bruk av planområdet.....	15
6.3	Topografi og landskap	15
6.4	Lokalklima.....	16
6.5	Staden sin karakter og kulturmiljø	16
6.5.1	Eksisterande bygningar.....	16
6.6	Kulturminne og kulturmiljø.....	18
6.7	Naturverdiar og landbruk	21
6.8	Rekreasjonsverdi, rekreasjonsområde og uteområde.....	22
6.9	Born og unges interesser	23
6.10	Trafikkforhold	23
6.10.1	Vegar	23
6.10.2	Gang- og sykkel.....	24

6.10.3	Kollektivtilbod.....	24
6.10.4	Trafikktryggleik.....	24
6.11	Sosial infrastruktur og andre servicetilbod.....	26
6.11.1	Skule og barnehage	26
6.11.2	Idretts- og kulturtilbod	26
6.11.3	Helsetilbod	26
6.11.4	Nærleik til arbeidsplassar	26
6.11.5	Daglegvarehandel og andre servicetilbod	26
6.12	Teknisk infrastruktur	26
6.12.1	Vatn og avlaup	26
6.12.2	Trafo og kraftlinjer	26
6.12.3	Energiforsyning og alternativ energi	27
6.13	Miljø, klima og grunnforhold.....	27
6.13.1	Stabilitetsforhold i grunn.....	27
6.13.2	Støyforhold	27
6.14	Beredskap ogulukkesrisiko	27
6.14.1	Beredskap.....	27
6.14.2	Rasfare	27
6.14.3	Flaumfare	27
6.14.4	Overvatn.....	27
6.14.5	Vind	27
6.14.6	Potensielle forureiningskjelder	27
6.14.7	Uluksesrisiko	27
6.15	Privatrettslege forhold	27
7.	SKILDRINGAR OG VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	28
7.1	Nye tiltak i planområdet.....	28
7.1.1	Gravplass.....	28
7.1.2	Bustad/fritidsbustad	28
7.1.3	Kommunaltekniske anlegg	28
7.1.4	Leike- og uteopphaldsareal.....	28
7.1.5	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	28
7.2	Landbruks-, natur- og friluftsmål.....	31
7.3	Bustadmiljø og kvalitetar	31
7.4	Folkehelse.....	31
7.5	Støytiltak	32
7.6	Terreng, landskap og estetikk.....	32
7.7	Naturmangfald.....	32

7.8	Overordna planar og retningsliner	33
7.9	Krav til utbyggingsrekkefølge og føresegner	33
7.9.1	Krav til samtidig opparbeiding	33
7.9.2	Rekkefølgekrav	33
7.9.3	Universell utforming	33
7.10	Anna	33
8.	KONSEKVENsutGREIING	34
8.1	Planprogrammet	34
8.2	Tidlegare konsekvensutgreiing - KPA	34
8.3	Metode	34
8.4	Naturmangfald.....	35
8.4.1	Noverande	35
8.4.2	Verdi naturmangfald.....	36
8.4.3	Påverknad naturmangfald	36
8.4.4	Konsekvens naturmangfald	36
8.5	Kulturminne	37
8.5.1	Noverande	37
8.5.2	Verdi kulturminne	38
8.5.3	Påverknad kulturminne	38
8.5.4	Konsekvens kulturminne	39
8.6	Naturressursar.....	39
8.6.1	Noverande	39
8.6.2	Verdi naturressursar.....	40
8.6.3	Påverknad naturressursar	40
8.6.4	Konsekvens naturressursar	40
8.7	Samanstilling av konsekvensar	41
9.	ANDRE KONSEKVENsar AV PLANFORSLAGET	42
9.1	Overordna planar og mål	42
9.2	Eksisterande reguleringsplanar	42
9.3	Natur- og ressursgrunnlaget.....	42
9.4	Terreng- og landskap	42
9.5	Verknader for naboar og interessedotsetnader.....	43
9.6	Friluftsliv, naturområde, born og unges interesser i nærmiljøet.....	43
9.7	Universell utforming og tilgjenge.....	43
9.8	Trafikkforhold og teknisk infrastruktur	44
9.9	Sosial infrastruktur og servicetilbod.....	44
9.10	Kulturminne og kulturlandskap	44

9.11	Risiko og sårbarheit.....	44
9.12	Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen.....	44
9.13	Energibehov og forbruk.....	44
9.14	Konsekvensar for næringsinteresser	44
9.15	Avveging av verknadene	44
10.	UTTALAR OG MERKNADER.....	45
11.	REFERANSAR/KJELDER.....	46

1. SAMANDRAG

Intensjonen med planframlegget er å leggje til rette for etablering av ny gravlund, utbetring av veg, opparbeiding av fortau, og etablering av nye bustader. Utbygginga av bustadene er planlagt i LNF-område, og det vert difor gjennomført konsekvensutgreiing. Det er også utarbeida VA-rammeplan og sikra areal til pumpestasjonar.

I planframlegget er det vist eit konsept med spreidd busetnad som følgjer dagens busetnadsstruktur. Planen opnar for utbygging av 7 nye bueiningar, tilkomst til desse, samt utbetring av veg, ny snuplass for buss og parkering til kyrkja. I tillegg vert det regulert inn 5 ubebygde bustadtomter som tidlegare er godkjent ved frådeling.

Realisering av planframlegget vil dekke framtidige behov for gravlundar i kommunen, betre trafikktryggleiken, og skape nye attraktive bustader for barnefamiliar. Val av bygningstypologi og struktur for tomtene er gjort med bakgrunn i staden sin karakter og eksisterande busetnad.

2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Gnr./bnr.	41/m. fl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommuneplan)	Kommuneplan, sentrale føremål: grav- og urnelund, LNFR og LNFR for spreidd bustadbygging. Reguleringsplan frå 1995, planid 19950003, sentrale føremål: veg, parkering, gravplass
Forslagsstillar	Øygarden kommune
Plankonsulent	Rambøll Norge AS, Bergen
Hovudformål	Bustad(1100), Grav- og urnelund (1700)
Storleik på planområdet i daa	182 daa
Grad av utnytting	%-BYA=20% for kvar bustadtomt
Tal på nye bustadeiningar	7
Er det varsla motsegn? (ja/nei)	Nei
Konsekvensutgreiingsplikt (ja/nei)	Ja
Kunngjering oppstart, dato	13.10.2017
Vedtak om oppstart (gjeld off. reg. planar).(ja/nei)	Ja (administrativt)
Informasjons- folkemøte, dato	26.10.2017 og februar 2018.
Vedtak om offentleg ettersyn, dato	14.05.2019
Høyringsperiode, dato frå - til	22.05.-06.08.2019

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 Bakgrunn

Hovudintensjonen med planframlegget er å sikre areal til gravplass. Målet er å knytte framtidig gravplass opp mot eksisterande gravplass nord i planområdet, og ein vil søka å tilpasse planlegginga på ein slik måte at området sine kvalitetar og eigenskapar vert tekne vare på og utvikla vidare. Dette gjeld særleg i høve til eksisterande edellauvskog og kulturminne, samt blågrøne strukturar i området. Det skal leggast vekt på å leggje til rette for ein samanhengande utvikling i området som heng naturleg saman med stadens karakter og natur.

Det er også eit ynskje å legge til rette for nye bustader i Blomvåg vest, og ved å utarbeide dette som ein områdeplan, kan ein samkøyre utviklinga i området.

Grav- og urnelunden skal plasserast i Bårdalen sør for den eksisterande gravlunden, og kan dermed nytta delar av den eksisterande infrastrukturen i området. Bustadområdet skal regulerast ved Bredna/Neset og det skal derfor leggjast til rette for vegtilkomst i planforslaget. Planframlegget legg og til rette for trafikkisikring av vegen, spesielt knytt til vegstrekninga Flåten/Knarvik, og det skal og lagast ein prinsipp-plan for VA-løysingar i området.

Det har tidlegare vore starta opp planarbeid knytt til regulering av gravlunden, men kommunen ønskjer no å regulere heile området samtidig for å sørge for gode løysingar og en heilskapleg utvikling.

Områdereguleringa skal og regulerer det tidlegare fjordhotellet.

3.2 Kvalitetar som planframlegget bidreg med

Trafikkisikringstiltak i form av trafikkisikker kryssing av kommunal veg, etablering av fortau, betre kurvatur og sikt samt utviding av veg vil føra til tryggare veg for både gåande, syklande og køyrande.

Planlegging av ny gravplass med god tilknytning til eksisterande gravplass vil bidra til ein samanhengande struktur med gode overgangar. Planframlegget gjer vurderingar av parkeringssituasjon rundt kyrkja og gravplassane, og sikrar gode løysingar for dette.

Regulering av spreidd bustadbygging på Bredna og Neset kan bidra til auke i folketal i Blomvåg og slik gje eit betre grunnlag for utvikling. Planframlegget bidreg og med opprusting av vatn og avlaup i planområdet.

4. PLANPROSESSEN

4.1 Vedtak om oppstart

Vedtaket om oppstart vart fatta administrativt. Plan for Blomvåg vest ligg inne i kommunen sitt budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

4.2 Varsel om oppstart av planarbeidet


Planarbeidet vart varslet med brev datert 13.10.17 til offentlege instansar og råka grunneigarar. Oppstart av planarbeidet vart og kunngjort i annonse i Vestnytt og på www.ramboll.no 13.10.17. Planarbeidet vart og varslet på Øygarden kommune si nettside. Frist for å kome med merknader til oppstart av planarbeidet vart sett til 23. november 2017.

4.3 Medverknadsprosess

I varsling og kunngjering av planoppstart vart det invitert til informasjonsmøte for alle interesserte på Øygarden rådhus på Rong. Dette vart heldt 26.10.17 klokka 18:00. På møtet vart det heldt ei presentasjon av planarbeidet og kva tema som vil bli teke inn i konsekvensutgreiinga. Det møtte opp 30 innbyggjarar, og det var mange spørsmål som knytta seg til korleis planarbeidet kom til å påverke naboar og eigedomar.

I februar 2018 vart det invitert til nytt informasjonsmøte for innbyggjarar og naboar som vert direkte råka av framtidig vegutviding langs Flotevegen, for å undersøke stemninga for alminnelege grunnavtalar. Kommunen har og hatt ein kontinuerleg dialog med desse naboane etter kvart som løysingar for veg har vore teikna ut.

Varsel om igangsetjing av områdereguleringsplan med KU – Blomvåg vest, Øygarden kommune



I medhald av plan- og bygningslova § 12-2 og 12-8 vert det varslet om igangsetjing av områdereguleringsplan for Blomvåg vest. Forslagsstillar er Øygarden kommune. Utførande plankonsulent er Ramboll Norge AS.

Planområdet ligg vest på Blomøyna i Blomøyna krins, omtrent 2,5 km i luftlinje frå Rong kommunesenter.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette ny gravlund i Bårdalen, spreidd bustadbygging på Bredna/Neset og vest i planområdet, samt vegutviding og trafikktryggleikstiltak. Det skal og utarbeidast ein VA-rammeplan for området og regulerast parkering for kyrkja og gravlundane.

Det skal leggjast føringar for kvar ein skal bevare eventuelle kulturminne og kvar spreidd bustadbygging kan vere aktuelt. I gjeldande kommuneplan er planområdet omfatta av føremål for gravlund og LNFR-område. Areal midtre og vestre del av planområdet er avsett til LNFR og nordre, austre og delar av midtre del er avsett til eksisterande og framtidig gravlund.

Planområdet er ca. 164,5 daa. Det er krav om konsekvensutgreiing for planområdet og det vil bli lagt vekt på tema som kan kome i konflikt med miljø- og samfunnsinteresser, mellom anna kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og landskap. Kva tema som skal utgreiast utover dette vil bli nærmare forklart i planprogrammet.

Planprogrammet har som føremål å leggje tydelege føringar for planarbeidet og konsekvensutgreiinga. Det vil verta utarbeidd, sendt på høyring og vedteke i ein eigen prosess tidleg i planarbeidet.

I samband med igangsetjing av planarbeidet vil det arrangerast eit informasjonsmøte torsdag 26. oktober 2017 kl. 1800 på Øygarden rådhus. Naboar og grunneigarar blir varslet direkte i brev. Merknadar som kan ha verknad for planarbeidet kan sendast **innan 22.11.17** til:

Ramboll Norge AS
Folke Bernadottesvei 50
PB 3705 Fyllingsdalen
5845 Bergen.


Alle mottekne dokument vil bli sendt til kommunen saman med planforslaget. Nærmare informasjon om planarbeidet kan ein få hos Lene Berger Henriksen i Ramboll på e-post lene.berger.henriksen@ramboll.no eller tlf. 988 40 627

RAMBOLL


Kunngjering av planoppstart i Vestnytt og på www.ramboll.no

4.4 Plangrense

Gjennom arbeidet med planen har ein sett behov for å justere plangrensa. Den største endringa er aust i planområdet, mot Blomvågen. Mellom anna er Blomvåg Fjordhotel innlemma i planen.



Varsla plangrense ved oppstart av planarbeidet.



Plangrense vedteken plan

5. GJELDANDE PLANSTATUS OG OVERORDNA RETNINGSLINER

5.1 Statlege planretningslinjer

Dei følgjande planretningslinjene vert vurdert som aktuelle for planframlegget:

- Statlege retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging

5.2 Regionale planar

Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Hordaland skal vidareutviklast som ein leiande kulturregion. Planen gjev mellom anna uttrykk for at kultur- og naturarv skal bevarast.

Klimaplan for Hordaland 2014-2030

Visjonen i planen er eit Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet. Klimaplanen tek opp tre utfordringar: korleis vi kan redusera utslepp av klimagassar, korleis energibruken kan bli meir effektiv og meir fornybar, og korleis vi kan tilpassa oss til komande klimaendringar. Relevante retningslinjer for planlegging er: *sikre areal for samanhengande sykkelveggar mellom målepunkt som skule, senter og bustadområde, sikre handtering av overvatn, og dimensjonera avlaup m.m. for framtidig auke i nedbør.*

Regional plan for folkehelse 2014-2025 – Fleire gode levekår for alle

Det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar. For å nå dette målet har fylkeskommunen valt å fokusere på tiltak innanfor dei følgjande fem temaområde:


- Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming
- Lokalsamfunn, nærmiljø og bustad
- Oppvekst og læring
- Arbeid og arbeidsplassen
- Aktivitet og sosial deltaking

For dette planarbeidet er dei to første punkta mest relevante.

5.3 Kommunale planar

5.3.1 Arealdelen til kommuneplanen 2014-2022

Planområdet har i kommuneplanen to ulike føremål. Vestre, nordre og austre del av planområdet er avsett til grav- og urnelund. Areala i midten og sør i planområdet er vist som LNFR-område og LNFR, spreidd.



Utsnitt frå kommuneplanens arealdel

5.3.2 Kommunedelplanar

Trafikksikringsplan

I kommunens trafikksikringsplan for 2012-2016 er det registrert behov for tiltak for trafikksikring på vegen mot Knarvik/Flåten i Blomvåg. Mellom anna er fartsreduksjon og betre skilting framheva som naudsynte tiltak.

5.4 Reguleringsplanar



Størstedelen av planområdet er uregulert. Eksisterande gravplass, kyrkja og vegstrekninga ned til krysset mellom Flotevegen og Garnesvegen er regulert i eldre plan frå 1995, planid. 19950003. Denne planen vart vedtatt i 1995 og har hovudsakleg føremål for veg, parkering og gravplass.

Utsnitt av gjeldande reguleringsplan

5.5 Lokale retningsliner/normer

Aktuell retningsline er føresegn til KPA pkt. 5.0 Krav til parkering.


5.6 Avvik frå planar og retningsliner

Føremålet bustad avvik frå dagens føremål i kommuneplanens arealdel, der områda som er tenkt til bustadområde er avsett til LNF-føremål. Dette utløyer krav om konsekvensutgreiing.

6. SKILDRING AV PLANOMRÅDET I DAG

6.1 Lokalisering

Planområdet ligg i Øygarden kommune, på Blomøy nord for Rongøy og sør for Ona. Frå kommunesenteret på Rong er det omtrent 4,3 km, medan det er rundt 45 kilometer til Bergen. Blomøy er ein av ei rekke store og små øyar og holmar i kommunen. Blomøy er den nest største øya i Øygarden, med et areal på rundt 9 km². Øya har omtrent 600 innbyggjarar, og øya er generelt lite utbygd i høve til storleiken og tilgjengeleg areal. Planområdet ligg på vestsida av Blomvågen.




Avstandar til nærliggjande funksjonar.

6.2 Avgrensning og storleik på arealbruk

Planområdet utgjer 182 daa. Området ligg på vestsida av Blomvågen. Strandlinja langs vågen er delvis utbygd med bustader, fritidsbustader, naust og småbåthamn, og det ligg eit kaiområde knyta til Blomvåg Fjordhotell. Blomvåg kyrkje ligg også i denne sona.

Området har grense langs Bårdalslivegen ved den nye gravplassen og mot nyare bustadområde i nord, og sjø i søraust. Mot vest og sørvest grensar området mot spreidde bustader i LNF-området og eigedomar sørvest for Flotevegen. Planen omfattar også Garnesvegen med omkringliggjande eigedomar, frå kryss mot Flotevegen og vidare sørover til neste kryss i Knarrvika.



Kart over Blomvåg vest, med planområde innlagt

6.2.1 Grunngeving av planavgrensinga

Plangrensa tek utgangspunkt i dei eksisterande gravlundane, då ny grav- og urnelund skal knytast saman med den eksisterande infrastrukturen til gravlundene nord i området og det vil være viktig med ein samanheng mellom den nye og dei gamle gravlundane.

Planens avgrensing er vidare vurdert i høve til mogleg plassering av nye bustader. Plangrensa tar og høgde for dei veger som ein ønskjer å trafikksikre og som ikkje er trafikksikre i dag. Avgrensinga er vurdert i høve til dei eksisterande strukturane som er i planområdet for å sikre en samanhengande og god områdeplan. Forslag til planavgrensing er og vurdert i høve til gjeldande planar.

6.2.2 Skildring av dagens bruk av planområdet

Sjølve planområdet vert hovudsak nytta til gravlund, til bustader og til friluftsområde. Aust i planområdet ligg Blomvåg kyrkje og ein av dei to gravlundane i området. Her er det spreidd utbygd med bustader. Kyrkjevegen strekker seg frå nord til sør gjennom planområdet. Aust i planområdet vendt mot Blomvågen ligg Blomvåg fjordhotell.

Nord i planområdet ligg ein nyare gravplass med tilkomst frå Dalevegen. Nordvest for planområdet ligg eit nyare bustadfelt. Sør for bustadfeltet ligg Bårdalen, samt spreidd busetnad. Frå Kyrkjevegen koplar Flotevegen seg på og strekker seg vidare mot vest. Sørøver følgjer Garnesvegen mot Knarvika. Langs vegen mot Knarvika er det og spreidd bustad.

Sentralt i planområdet er det noko spreidd bustad og LNF-område med beitemark, edellauvskog og ope landskap. Her ligg og nokre SEFRAK-registrerte bygningar og krigsminne. På tvers av området ligg ein turveg.


6.3 Topografi og landskap

Blomvåg ligg langs kysten på Vestlandet og kystlandskapet er dominerande. Kystlandskapet er karakteristisk for øykommunen, med eit avrunda og småkupert terreng med mykje berg og knausar. Vest i planområdet stiger terrenget, og her er det ein bratt skråning ned mot Bårdalen heilt vest i planområdet. Det er stigning frå sjø- og strandlinja og oppover i terrenget mot planområdet. Gneis er dominerande bergart, og det er lite lausmassar i området.

Høgdedraga er småkuperte med høgste punkt på 40 m.o.h. Dei ulike høgdena bryter opp landskapet i fleire små og varierte landskapsrom, og forseinkingar i terrenget skapar smale passasjar fleire stader. Markerte terrenghøgder på den langstrakte landskapsryggen skapar identitet og er gode orienteringspunkt i landskapet.

Dalføret i Bårdalen er avgrensa av omkringliggjande høgdedrag som gir eit klart definert og avgrensa landskapsrom, godt skjerma frå vinden. Dalføret er eit samlande landskapselement innanfor planområdet og dalbotn ligg i kontrast til den bratte bergveggen mot aust.

Landskapet i planområdet er prega av skog, innmarksbeite og spreidd utbygde områder. Det er tynt vegetasjonsdekke i mykje av planområdet, forutan stadene med skog. Store delar av skogen er lite produktiv, men det er og registrert rik edellauvskog i nordvest i planområdet.



Kart med topografi

6.4 Lokalklima

Området har typisk kystklima, kjenneteikna av milde vintrar med sjeldan frost og manglande snødekke, samt kjølige og fuktige somrar. Årsmiddeltemperaturen ligg på 7 °C, og gjennomsnittleg nedbør er ca. 1650 mm. Klimaprofilen for Hordaland viser at temperaturen vil auke med ca. 2-3 °C mot år 2071-2100. I tillegg vil episodar med kraftig nedbør auke vesentleg i både intensitet og hyppigheit. Området har generelt gode solforhold, særleg oppe på høgdedraget.

Det opne landskapet og lokaliseringa mot havet gjer at sterk vind er vanleg. I vintermånadane er det den kalde og ofte fuktige søraustvinden som dominerer. Om somrane kjem vinden hovudsakeleg frå nordvest. Denne kan både vera varm og kald. Særleg dei høgaste partia er vindutsette, medan skogområda og dei små forseinkingane i terrenget er med å skape le for vinden.

6.5 Staden sin karakter og kulturmiljø

6.5.1 Eksisterande bygningar

Planområdet er prega av mange eksisterande bygningar, både bustader, kyrkje, bedehus, hytter og bygningar knytt til tidlegare jordbruksdrift. Blomvåg kyrkje ligg aust i planområdet og vart bygd i 1931. Eksisterande gravplass vest for kyrkja ovart anlagt i 1941 og utvida i 1954. I 1995 vart det opparbeida ny gravplass nord i planområdet.

Eksisterande bustader er spreidd rundt heile planområdet og særleg mot grensene av planområdet og langs vegane i området.

Det er fleire bustader rundt planområdet og eit større nyare bustadfelt nordvest for planområdet. Vest for Bårdalen og mellom bustadene ligg det og nokre hytter.



Bustader i planområdet




Blomvåg kyrkje



Oversiktsbilete over bustader i området.



Oversiktsbilete over bustader i området.



Oversikt over bygninger

6.6 Kulturminne og kulturmiljø

Blomvåg har vakse fram rundt dyrking av jorda kombinert med fiske. Historia som knytter seg til desse aktivitetane er viktig for staden sin identitet. Busetnaden i Blomvåg kan sporast heilt tilbake til eldre steinalder, og det er gjort fleire funn av arkeologiske kulturminne, mellom anna ein dyrkingslokalitet og kokegrop i nedre del av Bårdalen.

Det eldste bygningsmiljøet i Blomvåg vitnar om at området allereie frå 1800-talet har hatt grunnlag for jordbruk og fiske. Innanfor planområdet er det fleire SEFRAK-registrerte bygningar og ruinar frå før 1900-talet. Bygningane har fungert som både bustader og gardsrelaterte bygg med ulike funksjonar (løe, vaskehus, sval, jordkjellar m.m.).



Foto av SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet.

Det er registrert fleire krigsminne i form av flymeldepost frå andre verdskrig. Minna er ikkje freda, men i god stand og vitnar om ei periode frå vår historie som fleire fortsett har eit nært forhold til. Krigsminna har blitt restaurert med støtte frå kommunen, fylkeskommunen m.fl.




Bilete frå krigsminne i planområdet



Bilete frå krigsminne i planområdet


Bilete frå informasjonstavle for krigsminne.



Kulturminne i planområdet

6.7 Naturverdiar og landbruk

Planområdet byr på variert landskap og naturverdiar, og den rike edellauvskogen møter det opne beitelandskapet sentralt i planområdet. Hassel og osp dominerer, med innslag av rogn, hegg og platanlønn. Jorda og innmarksbeitet er i ferd med å gro igjen. Oppe på platået er det likevel sesongbeite på delar av området. Det opne beitelandskapet på Bredna og Neset har innslag av tregrupper som bidrar til å danne lune lundar og særprega landskapsrom. Ei registrert slåttemark på høgdedraget har status som viktig naturtype og er raudlista som sårbar i Noreg. Slåttemarka er eit viktig bidrag som kulturmarkseng, samstundes som den gir variasjon i omgjevnadane. Slåttemark er ei utvald naturtype som det bør takast omsyn til, men det er ikkje aktiv skjøtsel eller verdifulle artar i området.



Arealbruk



Bilete frå planområdet

6.8 Rekreasjonsverdi, rekreasjonsområde og uteområde

Delar av planområdet har verdi som rekreasjonsområde, og då spesielt grunna landskapet, utsikten og den urørte naturen. Den nordlege delen av planområdet har og flott skog med stiar gjennom, og denne delen av området vert nytta til friluftsliv, leik og rekreasjon. Det går ein turveg på tvers av planområdet. Planområdet ligg i nærleik av sjø som har stor rekreasjonsverdi.



Flott natur og skog i området gjer at planområdet vert nytta til rekreasjon og friluftsliv.

6.9 Born og unges interesser

Det er ikkje areal innanfor planområdet som er spesielt tilrettelagt for born og unge. Det er berre turvegen og skogen som er spesielt brukt, og det vart observert spor av lek og rekreasjon av barn og unge i skogen heilt nord i planområdet.



Figur 6.9.1: Bilete frå skogområde

6.10 Trafikkforhold

6.10.1 Vegar

Dalevegen strekkjer seg frå hovudvegen gjennom Øygarden, fv 561, og sørover til planområdet.

Internt i planområdet går dagens fv 227 frå nord til sør gjennom heile austre del av området. Kyrkjevegen lengst i nord går fram til kyrkja. Den har ein årsdøgntrafikk på 750 køyretøy, fartsgrense 40 km/t og to fartsdumpar. Frå kyrkja går vegen over i Garnesvegen, som går heilt sør til Knarrvika. Frå Garnesvegen går Flotevegen vestover til mellom anna Bårdalen, der ny gravplass er planlagt. Dette er dei tre hovudvegstrekingane i området. Frå desse er det i tillegg fleire sidevegar til bustader og tomter, både i og utanfor planområdet.



Kart over vegsystem og trafikkmengder i området.



Kyrkjevegen med etablert fortau




Foto frå deler av vegstrekningane i planområdet.

6.10.2 Gang- og sykkel


På vestsida av Kyrkjevegen, frå fv.561 og ned til Blomvåg kyrkje, er det etablert fortau. Det er ikkje sikra trygg kryssing over Kyrkjevegen på viktige kryssingspunkt. Den smale vegen og låg fartsgrense gjer at vegen ikkje vert oppfatta som ein barriere. Internt i planområdet fungerer dei smale bustadvegane som viktige gangsamband. Det er kartlagt tursti frå bustadområdet på Flåten i vest, som fører ut i utmarka og til turområde rundt Steinsvatnet nord for planområdet.

6.10.3 Kollektivtilbod


Det er to busstopp i planområdet; langs Kyrkjevegen mellom dei to eksisterande gravplassane og i krysset mellom Garnesvegen og Flotevegen, der det er endestopp. Næraste haldeplass i tillegg til dei to, er Blomvåg terminal - 1,2 kilometer nordaust for planområdet. Det er i hovudsak skule- og arbeidsruter som tenar Blomvåg vest, elles er det svært låg frekvens på bussrutene.

6.10.4 Trafikktryggleik

Langs Dalevegen er det gjennomført nokre trafikk-sikringstiltak, blant anna nedsett fartsgrense til 40 km/t. Vidare på Kyrkjevegen er det etablert fartsdumpar. Vidare på Garnesvegen er det òg fartsgrense 40 km/t, men her er vegen svært smal og siktsonene er dårlege, då vegen blir meir kurva både vertikalt og horisontalt. Her er det vanskeleg for to større køyretøy å møtast. Langs heile strekinga rundt planområdet er det veglys. Det er registrert 2 ulukker på vegen i og rundt planområdet dei siste 30 åra, der ei av dei førte til alvorlege personskadar.



Ulykkespunkt



Vegsystem og avstand til busstopp

6.11 Sosial infrastruktur og andre servicetilbod

6.11.1 Skule og barnehage

Den næraste skulen, Blomvåg skule, ligg like ved Blomvåg bussterminal. Skulen har i dag ca. 110 elevar. Næraste barnehage er Spurven barnehage og Brum familiebarnehage som ligg i gangavstand til planområdet. Spurven barnehage ligg nord for planområdet, og Brum familiebarnehage ligg sør-vest i gangavstand frå planområdet. På Rong om lag 4 km unna, ligg Rong barneskule og Øygarden ungdomsskule.

6.11.2 Idretts- og kulturtilbod

Det er få idretts- og kulturtilbod anna enn kyrkja i nærleik til planområdet. På Rong finn ein blant anna Rong stadion, symjehall, bibliotek, kulturhus, m.m. Ved Blomvåg barneskule er det ballplass og ballbinge.

6.11.3 Helsetilbod

Kommunens helsetilbod ligg og på Rong, og her finn ein stor variasjon i helsetilbod. Her er det både legesenter, fysioterapi, ergoterapisenter, omsorgssenter og nav. Øygarden har ikkje eige Tannlegesenter. Då må ein reise inn til Ågotnes i Fjell kommune.

6.11.4 Nærleik til arbeidsplassar

Rong har, i likskap med andre tilbod, og mange av arbeidsplassane i kommunen. I høve til planområdet er det likevel arbeidsplassar spreidd rundt i Blomvåg krins.

6.11.5 Daglegvarehandel og andre servicetilbod

Det ligg daglegvarehandel på Blomøy, men handelssenteret i kommunen er Rong senter med diverse butikkar, servering og eit treningscenter. Her ligg og Øygarden rådhus, frivillighetssentralen, kulturkontoret og legesenter.

6.12 Teknisk infrastruktur

6.12.1 Vatn og avlaup

Kommunen har dei siste åra bygd ut avlaupsanlegg i fleire bygder, men det er likevel eit stort behov for å utbetre kloakksystemet i kommunen. Delar av kloakken i kommunen har endepunkt i strandsona. Det er i dag berre Blomvåg vassverk som leverer vatn til den sørlege delen av kommunen. Kvaliteten på dette leidningsnettlet er variabel og har i fleire område behov for utbetring.

6.12.2 Trafo og kraftlinjer

Linja for distribusjonsnettlet strekk seg over deler av planområdet i Bårdalen frå nord til sør.



Kraftlinje og master/stolper

6.12.3 Energiforsyning og alternativ energi

Det er ikkje distribusjonssystem for alternativ energi i området.

6.13 Miljø, klima og grunnforhold

6.13.1 Stabilitetsforhold i grunn

Planområdet består av bart fjell med høvesvis tynt dekke, og det gjer at det er svært lite lausmasser i området. Ut frå eksisterande kunnskap er stabilitetsforhalda grunnen gode.

6.13.2 Støyforhold

Kyrkjevegen produserer noko trafikkstøy, og Statens vegvesens støysonekart syner at nokre få eigedommar som grenser til vegen ligg i gul støysone. Det er ikkje andre støykjelder som gjer seg gjeldande i planområdet.

6.14 Beredskap og ulukkesrisiko

6.14.1 Beredskap

Kommunen har utarbeidd ein beredskapsplan dersom det oppstår ulike typar kriser eller katastrofar. Øygarden kommune har eit kriseteam beståande av ulike fagpersonar som skal sørge for at innbyggjarane får naudsynt oppfølging og hjelp i krisesituasjonar.

Øygarden lensmannskontor er ein del av Askøy, Sotra og Øygarden lensmannsdistrikt og held til på Straume. Brannvesenet held til på Kollsnes næringspark på Blomøy og har derfor kort utrykkingstid til planområdet. Næraste ambulansestasjon ligg på Straume.

6.14.2 Rasfare

Det er ikkje observert lokalitetar der en kombinasjon av lausmassar, vatn og skråningsgradient som gjer at jord- og flaumskred er ein aktuell skredtype i området. Det er ikkje observert tydeleg teikn på tidlegare skredaktivitet.

Steinsprang er vurdert som dimensjonerande skredtype for planområdet, og er einaste skredtype som vert vurdert som sannsynleg for gjentaksintervall i fylgje krava i TEK17.

6.14.3 Flaumfare

Flaumfaren er vurdert som liten i planområdet.

6.14.4 Overvatn

Planområdet si nærleik til sjøen bidrar til minska behov for tiltak for å handtere overvatn, men det er problem med overvatn i området ved hotellet ved store nedbørsmengder.

6.14.5 Vind

Det er ikkje uvanleg mykje vind samanlikna med kommunen og Vestlandet generelt. Vind er i liten grad ein utfordring i høve til tiltak i planen.

6.14.6 Potensielle forureiningskjelder

Bruk av fritidsbåtar og bilkøyning på vegen er dei største potensielle kjeldene til forureining i og i nærleik av planområdet.

6.14.7 Ulukkesrisiko

Det er i dag ulukkesrisiko knytt til smale veger og dårleg sikt i planområdet.

6.15 Privatrettslege forhold

Privatrettslege bindingar for planområdet er ikkje kjend.

7. SKILDRINGAR OG VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Nye tiltak i planområdet

Planarbeidet har hatt som målsetting å sikre areal til framtidig gravplass, legge til rette for fleire bustader og å oppgradere infrastrukturen i området – det gjeld både veg og vatn/avlau.

I samband med reguleringa av gravplassen, har ein sett på Blomvåg vest i ein heilskap, og planlagt for utviding av veg og annan infrastruktur. Planframlegget legg difor til rette for utviding og etablering av fortau langs Kyrkjevegen, Garnesvegen og Flotevegen. Det skal nyttast som framtidig prosesjonsveg mellom kyrkja og den nye gravplassen. Det er og tilrettelagt for fleire parkeringsplassar til bruk av kyrkja og friluftsområda innanfor planområdet.

7.1.1 Gravplass

Det vert regulert areal til ny gravplass i Bårdalen, sørvest for eksisterande gravlund i nord. Desse kan no koplant saman. Bårdalen er eit relativt flatt område som ligg nede i terrenget nedanfor Bredna og Neset. Ved å leggje gravlund i Bårdalen kan ein nytte mykje av dagens infrastruktur og leggje opp til parkering, gangtilhøve mellom dei to eksisterande gravplassane og mellom kyrkja og ny gravplass. I tillegg koplar ein saman dei to gravplassane med tanke på evt. drifts- og sevicebygg for tilsette. Det er krav om detaljregulering av ny gravplass og gangveg mellom denne og gravlund i nord.

Del av område vest for kyrkja er sett av til framtidig minnelund, eit parkareal og framtidig park når dagens bruk vert avvikla.

7.1.2 Bustad/fritidsbustad

Planframlegget legg opp til etablering av 7 nye bustader. Desse ligg i same område, nær eksisterande samling av eldre hus vest for Kyrkjevegen.

Både eksisterande og nye bustader er regulert til frittliggjande småhus. Eksisterande fritidsbustader er regulert som frittliggjande fritidsbusetnad.

Det kan byggjast nye frittliggjande bustader og eksisterande bustader kan byggjast på/om innanfor avsett byggjegrænse vist i plankart. Utnyttingsgrad er sett til %-BYA=20 %. Byggjehøgder for nye bustader og fritidsbustader skal ikkje overskrida 7 meter over gjennomsnittleg planert terreng før utbygging. Dette gjeld og ved eventuell ny utbygging og utbygde tomter. For fritidsbusetnad er utnyttingsgrad sett til %-BYA=15 %.

7.1.3 Kommunaltekniske anlegg

I samband med oppgradering av VA-anlegget og handsaminga av overvatn i området er det naudsynt med tre pumpestasjonar. Det er sett av areal til pumpestasjonar ved krysset mellom Garnesvegen og Flotevegen, eit heilt sør ved Knarrvikvegen og eit i vest langs Flotevegen.


Det er regulert to areal til renovasjon/hentepunkt for avfall; eit ved parkeringa nær dei nye bustadtomtene og eit i samband med ny busshaldeplass langs Flotevegen.

7.1.4 Leike- og uteoppfallsareal

Planframlegget legg opp til felles leikeplass for dei nye bustadtomtene og nærliggjande eksisterande bustadeigedomar, tilsaman 13 bustader.

7.1.5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Planområdet har sin hovudtilkomst via fv 227, som er om lag 1,3 km lang. Dagens fylkesveg vert regulert med utbetra trasé like nord for Blomvåg kyrkje. I krysset lenger sør delar vegen seg i to lokalvegar; Flotevegen og Garnesvegen. I planframlegget er vegen regulert med vegstandard Sa1 etter handbok «N100 Veg og gateutforming», versjon 2013. Vegen vert 5,5 meter brei, inkludert skulder. Fartsgrensa på staden er 40 km/t, og denne vert ikkje endra.



Normalprofil for vegstandard Sa1

Bustadene BFS1-BFS7, BFS11-BFS12 og BFS13-BFS16 (eksisterande) får tilkomst frå avkøyring o_SV01. Planframlegget legg opp til endra tilkomst til bustadene BFS14_BFS16. Tidlegare veg mellom bustadene vert stengd for gjennomkøyring. Tilkomstveg f_SV11 sikrar tilkomst til dei to eigedomane BFS21 og BFS22.



Ny veg til bustadområde og parkering for kyrkja (sett frå sør)

Planframlegget sanerer tre tilkomstvegar og legg opp til ny tilkomst for bustadene som vert råka. Avkøyring til fritidsbustad BFF5 vert sanert og tomta får ny tilkomst via Eslemyrane. Tomt BFS20 får ny tilkomst vest på tomta, i tillegg til endra utforming på avkøyringa til eksisterande garasje.

Tomt BFS27 har i dag tilkomst frå Flotevegen. Dette er ikkje rekna som ei god løysing med omsyn til trafikktryggleik og kryssløysinga, og planframlegget regulerer ny tilkomst f_SV19 til tomte og vidare til Stølemyrvegen frå Garnesvegen like sør for krysset.




Kryss Garnesvegen x Flotevegen og omlegging av Stølemyrvegen. (sett frå nord)

o_SV04 mot Knarvika får utvida bredde til 4,5 meter og noko betre kurvatur. Her vert det ikkje etablert fortau grunna tidvis bratt terreng, i tillegg til økonomiske omsyn. Denne parsellen er tenkt bygd på eit seinare tidspunkt enn resten av vegen.

Det er planlagt etablering av kollektivhaldeplass på det opne arealet vest for krysset Garnesvegen x Flotevegen, i staden for i krysset i den eldre planen frå 1995. Det er vanskeleg å vidareføra den eldre planen p. g. a. dei registrerte automatisk freda kulturminna mellom vegen og nausta, samt stigningstilhøvet mellom ny veg og haldeplass.

Fråvik:

Køyrevegen o_SKV2 vert generelt oppgradert og utvida, den får ein betre kurvatur og betre sikt. Det vert likevel nokre fråvik, i hovudsak grunna bustader tett inntil vegen. Det er to fråvik på svingradius på hovudvegen, ved avkøyring til kyrkja og i krysset Garnesvegen x Flotevegen. Det er også nokre fråvik på vertikalradius langs Kyrkjevegen. Det er forsøkt å senka vegen meir enn det som er gjort no, men grunna tilkomst til eksisterande bustader var ikkje dette mogleg. Fleire av tilkomstvegane når ikkje krava om stigning i avkøyringar, dette gjeld spesielt Eslemyrane. Her må trafikantane tilpassa seg situasjonen og vera aktsame.



Kollektivhaldeplass

7.2 Landbruks-, natur- og friluftsmål

LF-område i planen er etablert i eksisterande LNF-område med unntak av nye tomter og veg inn til desse. Store delar av Bredna og Neset er vidareført som LNF-område som i dag, særleg arealet nord i planområdet og vest på Bredna/Neset. Det er lagt opp til ei grøn buffersone langs Kyrkjevegen for å sikre ei natursone langs del av vegstrekning. Vest for ny gravplass er det også eit større LF-område.

7.3 Bustadmiljø og kvalitetar

Planframlegget regulerer for ei vidare utvikling med spreidd busetnad og har lagt dagens bustadstruktur til grunn. Ny busetnad er samla i tilknytning til eksisterande utbygd område og forsøkt spreidd minst mogleg. Føresegnene har føringar for terrengplassering og utforming for å sikre at tiltak vert tilpassa eksisterande naturmiljø og busetnadsmiljø best mogleg. Planframlegget legg også til rette for samanheng i friluftsområde i høve til kommuneplanens arealdel. Forslag til parkeringsareal vil betre tilkomsten til framtidig gravplass og auke tilkomst til kyrkja for fleire. Tilgjenge i friluftsområde og bevaring av turstiar fram til krigsminna vil oppretthalda stadens historie.

Trygge og gode turstiar i friluftsområda vil leggje til rette for meir fysisk aktivitet og naturopplevingar i nærmiljøet.

7.4 Folkehelse

Forslag til ny veg vil betre trafikktryggleiken i området for alle grupper i befolkninga, særleg i høve til vidareføring av fortau. Betre tilgang til nærmiljøet og fleire turstiar legg til rette for meir fysisk aktivitet. Fleire parkeringsplassar aukar tilkomst og mogleg bruk av grøntområde for fleire enn dei som bur i området.

7.5 Støytiltak

Støy i planområdet kjem hovudsakeleg frå trafikk på fylkesveg og kommunalveg. Det er berre eit par av dei eksisterande bustadene som ligg innanfor gul støysone langs fylkesvegen. Ingen av dei nye bustadene som er planlagt oppført ligg innanfor fylkesvegens gule støysone. Avbøtande tiltak for støy vert derfor ikkje vurdert.

Støy frå nye planlagde bustader er ikkje vurdert som høg og regelmessig nok for at særskilde tiltak må gjennomførast, dette fordi vegen vil vera blindveg til bustadområdet, med låg fart og svært låg ÅDT.

7.6 Terreng, landskap og estetikk

Dei største inngrepa vil skje på Neset, og er planlagt med ei spreidd struktur slik som eksisterande bustader. Det er ikkje lagt opp til bustader på dei høgaste punkta og ut mot klippepartiet for å unngå store estetiske barrierar i området. BFS1-7 er plassert i tun vest for eksisterande busetnad. Utsprenging og planering av delar av desse tomtane vil vera aktuelt ved utbygging. Terrenginngrepa skal gjennomførast så skånsamt som mogleg, og inngrep skal bøtast på med planting. Terrenget skal, så langt råd er, tilbakefyllast.

Vegskjeringar og fyllingar skal plantast til eller handsamast på ein skånsam måte. Det er søkt å unngå for store vegskjeringar.

Ved ny regulert gravlund skal det fyllast ut for å etablere parkering i tilhøve til gravlunden og for kyrkja. Kyrkja har i dag underskot på parkering. Det er og lagt opp til ein liten parkering ved avkøyrse til nye bustader.

Det skal fyllast ut langs Flotevegen for å etablere snuplass til buss. Her skal det opparbeidast vegetasjonskjerm mot eksisterande busetnad.

Ved søknad om tiltak skal det takast mest mogleg omsyn til det overordna landskapet og dei lokale terrengtilhøva på staden.

7.7 Naturmangfald

Hassel og osp er dominerande i planområdet, med innslag av ein del rogn, hegg og platanlønn. Fleire av treslaga er fleirstamma og i dalbotnen dannar skogvegetasjonen grøne veggar langs brattkanten i aust. Rik edellauvskog langs høgdedraget i den nordlege delen av planområdet er kartlagt som lokalt viktig naturtype.

Den fulldyrka jorda og innmarksbeitet i dalbotnen vert ikkje lenger beita eller slått og er i ferd med å gro igjen. Det er ei registrert slåttemark på høgdedraget på Bredna/Neset som har status som viktig naturtype og er raudlista som sårbar i Noreg. Slåttemarka ber preg av lite skjøtsel i området, sjølv om den er rydda for tre. Realisering av planframlegget vil føre til ei auka utnytting av planområdet. Det er planlagt nye bustader i området der slåttemarka ligg, men drifta på marka er i stor grad avslutta og er i dårleg stand. Verknadene av planframlegget vert derfor vurdert som liten jf. nml. §8.

Det er vurdert at det ikkje er grunnlag for føre-var-prinsippet, jf. nml. §9, då planområdet er oversiktleg og det vert vurdert som lite sannsynleg at der er ukjende og viktige naturmangfaldsverdiar.

Naturverdiane elles i planområdet er stort sett gjennomsnittlege og omfanget av tiltak må i lokal og regional skala vurderast som lite. Det er ikkje grunn til å tru at tiltaket vil medføre forureining. Dei aktuelle naturområda som vert berørt av planframlegget vert vurdert til å vera små i høve til økosystem og samla belastning, jf. nml. §10. Planframlegget medfører ikkje inngrep som krev særskilde tiltak for å avgrense miljøforringing, jf. nml. §11. Det er heller ikkje behov for spesielle driftsmetodar eller teknikkar for å avgrense belastning på naturmangfaldet, jf. nml. §12.

7.8 Overordna planar og retningslinjer

Planframlegget er i hovudsak i tråd med overordna planar og retningslinjer på statleg og regionalt nivå.

Det er lagt stor vekt på å planleggje for eit attraktivt bustadområde på Bredna og Neset med gode kvalitetar, både for barn og vaksne. Det er lagt vekt på trafikktryggleik i området og utviding av veg og etablering av fortau. Planframlegget legg opp til ny snuplass for skule- og arbeidsbuss som bidreg til auka samordna planlegging.

Planframlegget er ikkje i tråd med kommuneplanens arealdel, då det er planlagt bustader i LNF-område.

7.9 Krav til utbyggingsrekkjefølgje og føresegner

7.9.1 Krav til samtidig opparbeiding

Ny vegstrekning med fortau, parkering, busshaldeplass og avkøyrslar (nye/omlegging/stenging), skal gjennomførast samtidig.

7.9.2 Rekkjefølgjekrav

Før iverksetting av tiltak for ny gravplass, skal det gjennomførast arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet ID 241635-1.

Ny leikeplass skal tilretteleggjast før igangsettingsløyve for nye bustader.

Når areal BAA2 vest for kyrkja opphøyrer, skal det ha formål park.

Riggområde på o_SPP6 skal vera tilrettelagt før igangsetting av ny veg/fortau.

7.9.3 Universell utforming

Prinsipp om universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad ved søknad om tiltak.

7.10 Anna

For andre formål og føringar i planforslaget, vert det vist til plankart og føresegner.

8. KONSEKVENsutGREIING

8.1 Planprogrammet

Planprogrammet har fastsett det at det er krav om konsekvensutgreiing av områdeplanen.

Områdeplanen legg opp til fortetting for delar av det sørlege sentrale området som i kommuneplanen (KPA) er avsett som Landbruks-, natur- og friluftsområde, LNF(R) med spreidd busetnad. Her er det regulert nye bustadtomter inntil eksisterande busetnad og tidlegare frådelt tomter er regulert til bustad. Nord for dette området er det regulert fleire bustadtomter i område som i KPA er avsett som reint LNF(R)-område. Det vert ut frå dette lagt opp til utbygging som ikkje er i samsvar med overordna plan, og områdeplanen fell inn under krav om konsekvensutgreiing.

Planprogrammet har vedteke følgjande utgreiingstema:

- Naturmangfald
- Naturressursar
- Kulturarv

8.2 Tidlegare konsekvensutgreiing - KPA

Delar av området er tidlegare konsekvensutgreidd i samband med kommuneplanens arealdel, dette gjeld areal til ny gravlund i området. Konsekvensutgreiinga konkluderer med at ny gravlund samla sett vil vere meir positivt enn negativt.

Dei negative verknadene ved ny gravlund knyter seg til endring av bruk i området og mogleg verdireduksjon av edellauvskogen i området. Kulturmiljøet blei og trekt fram.

Samla vurdering av konsekvensar av ny gravplass:

«Området ligg i eit daldrag i tilknytning til eksisterande gravplass. Tiltaket vil medføre noko reduksjon av registrert edellauvskog. Området er registrert med fulldyrka jord og innmarksbeite og er i strid med Øygarden kommune si målsetting om å ta vare på dyrka jord. Området ligg utanfor kjerneområde for landbruk. Etablering av gravplass medfører at ein kan nytte matjord frå dyrka mark. Konsekvensen vert dermed avgrensa. To SEFRAK registrerte jordkjellarar kan verta råka ved ei utviding av gravplassen. Tiltaket er ikkje vurdert å få konsekvensar for landskapsbilde, friluftsliv eller barn og unge sineinteresser. Området ligg i tilknytning til eksisterande gravplass og det er ikkje trong for ny infrastruktur.»

8.3 Metode

Metodebruken for ikkje-prisette tema i Statens vegvesen si handbok V712 er lagt til grunn for konsekvensutgreiinga av områdeplanen. Handboka er i ny utgåve frå februar 2018.

Det er tre omgrep som står sentralt i vurdering av konsekvensar:

- Verdi – kor stor betydning eit område har i eit nasjonalt perspektiv
- Påverknad – vurdering av korleis det same området vert påverka av eit definert tiltak
- Konsekvens – ei samanstilling av verdi og påverknad i samsvar med matrisa, jf. konsekvensvifta

Til slutt vert konsekvensar samanstillt med eit oversyn over fordelar og ulemper. Det vert også gjort greie for eventuelle avbøtande tiltak dersom dette er aktuelt; tiltak som er gjort ved utarbeiding av planen eller som er nødvendig å gjera ved seinare gjennomføring av planen.

Tiltak vert vurdert ut frå eit referansealternativ. For Blomvåg er det berre utarbeidd eit alternativ for områdeplan. Samanlikningsgrunnlaget vert då det såkalla 0-alternativet, dvs. dagens situasjon utan nye tiltak.


8.4 Naturmangfold

8.4.1 Noverande

Hovudnaturtypen i Øygarden er kystlynghei. Blomvåg er ein av dei få stadene i kommunen der ein finn eit større innslag av lauvskog. Hassel og osp er dominerande i planområdet, med innslag av ein del rogn, hegg og platanlønn. Rik edellauvskog langs høgdedraget i den nordlege delen av planområdet er kartlagt som lokalt viktig naturtype.

Innafor planområdet er det ulike naturtypar – open fastmark, slåttemark, skog, edellauvskog, myr og jordbruksareal under attgroing.

Det er føretatt ein utsjekk i Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning og i Artsdatabankens artskart. Det er ikkje registrert verneområde, artsfreding eller annan freding, viktige førekomstar av artar eller trekkveggar i planområdet. Sørvest i planområdet er det registrert en del fuglearter av særleg stor forvaltningsinteresse, men ingen av desse er registrert som sårbar eller trua. Det er observert lomvi – ein kritisk trua art – ved Flotevegen, men observasjonen er av gamal dato (1981).



Naturmangfold

8.4.2 Verdi naturmangfald

I rapporten *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Øygarden* (Øygarden kommune og Fylkesmannen i Hordaland 2003) har edellauvskogen innafør planområdet fått verdi B – Viktig. I tillegg er det restar av slåttemark i planområdet. Ut frå dette får området følgjande verdi:

Verdi		
Liten	Middels	Stor
	▲	

8.4.3 Påverknad naturmangfald

Det er tre tiltak i planen som vil kunne påverke naturmangfaldet:

1. Ny gravplass – o_BGU3
2. Nye bustadtomter – BFS1-7

1. Gravplassen

Gravplassen er allereie konsekvensutgreia i kommuneplanens arealdel. Her er det påpeika at gravplassen vil kunne føre til verdireduksjon av edellauvskogen. Formålsgrensa for gravplassen er i områdeplanen justert, slik at den ikkje kjem i konflikt med edellauvskogen. Edellauvskogen er merka i plankartet med omsynssone.

Gravplassen vil føre til at myrområdet som naturtype vil utgå frå planområdet. Øygarden har mange myrområde, dei fleste er fattigmyrar - jordvassmyrar og nedbørsmyrar med surt jordsmonn og lågt tal på artar.¹

2. Nye bustadtomter

Det vert etablert 7 nye bustadtomter i planområdet. 3 av tomtene ligg heilt eller delvis på slåttemark. Slåttemark vert rekna som artsrik og er ein trua naturtype². Dei nye tomtene tar bortimot 1/3 av slåttemarka.

	Påverknad				
	Øydelagd/ sterkt forringa	Foringa	Noko forringa	Ubetydeleg endring	Forbetra
Tiltak 1				▲	
Tiltak 2			▲		

8.4.4 Konsekvens naturmangfald

Naturmangfaldet har middels verdi og vert noko forringa til ubetydeleg forringa av planforslaget. Konsekvensgrad -1.


¹ *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Øygarden* (Øygarden kommune og Fylkesmannen i Hordaland 2003)

² Norsk rødliste for naturtyper, www.arttrtsdatabanken.no

8.5 Kulturminne

8.5.1 Noverande

Området er rikt på kulturminne frå ulike tidsepokar. Det er registrert to automatisk freda kulturminne – ein dyrking- og kokegroplokalitet frå bronsealder/jernalder og ein buplass frå steinalder. Planområdet har fleire SEFRAK-registrerte bygningar og ruinar frå før 1900-talet. Bygningane har fungert som bustadhus og gardsrelaterte bygg med ulike funksjonar (løe, brønnhus, sval, jordkjellar, utedo, naust). Fleire lemstover er framleis i bruk som bustadhus. I tillegg er det fleire krigsminne (flymeldepostar) innafør området. Blomvåg kyrkje, teikna av Carl Berner, er såkalla listeført kyrkje (Riksantikvaren). Kulturminna har lokal og regional verdi. Det er ikkje registrert nasjonalt eller regionalt viktige kulturlandskap.



Oversikt over kulturminner

8.5.2 Verdi kulturminne

Verdisetting og verdivektning av kulturminner³ er nytta for å verdisetje kulturminna i området. På bakgrunn av stor breidde og tidsdjupne vert området vurdert å ha middels verdi.

Verdi		
Liten	Middels	Stor
▲		

8.5.3 Påverknad kulturminne

Alle krigsminna ligg innafør areal regulert til G - grønstruktur eller LNF – friluftformål. Dei vert ikkje råka av nye tiltak i planen. Det er regulert inn nokre bustadtomter i nærleiken av meldepostane, men dette er allereie frådelte byggetomtar, og difor ikkje tiltak som fylgje av planen. Det er fleire jord/potetkjellarar innafør planområdet, og dei er vanlege i Øygarden. Ein potetkjellar vert råka som fylgje av planforslaget. Steinalderbuplassen vert heller ikkje råka av nye tiltak. Den er i planen sikra med bandleggingssone – bandlegging etter lov om kulturminne.

Det er fire nye tiltak i planen som vil kunne påverke kulturminna:

1. Ny gravplass – o_BGU3
2. Nye bustadtomter – BFS1-7
3. Utviding av veg inklusiv parkeringsplass og snusløyfe for buss o_SKH.
4. Parkering til kyrkja o_SPP1

1. Gravplassen

Funnstad for automatisk freda kulturminne – dyrking- og kokegropslokalitet ligg innafør område foreslått til ny gravplass. Funnstaden er merka som føresegnssområde i reguleringsplanen. Det er stilt rekkjefølgjekrav og vilkår om at det vert gjeve dispensasjon frå kulturminnelova før området kan takast i bruk til gravplass. Jf. føresegn 3.1.1, 3.1.2 og 11.1. Det er også ein SEFRAK-registrert jordkjellar ved inngangen til gravplassen. Denne er registrert som ruin, men er såpass intakt at ein må sjå det som at den utgår som følgje av tiltaket.

2. Nye bustadtomter

Det vert etablert 7 nye bustadtomter innafør planområdet. Ingen av bustadtomtene råkar registrerte kulturminne direkte. På tomtene BSF01 og BSF02 er det i SEFRAK registrert ruin eller fjerna bygning (kjelde med hus).

3. Utviding av veg inklusiv parkeringsplass og snusløyfe for buss.

På felt o_SKH er det i SEFRAK registrert ruin eller fjerna bygning (brønnhus).

4. Parkering til kyrkja

Parkeringsplassen er lokalisert mellom fire eldre lemstover, og påverkar samanhengen mellom dei.

	Påverknad				
	Øydelagd/ sterkt forringa	Foringa	Noko forringa	Ubetydeleg endring	Forbetra
Tiltak 1		▲			
Tiltak 2				▲	
Tiltak 3				▲	
Tiltak 4			▲		

³ Kulturminner i kommunen. Håndbok for lokal registrering. (Riksantikvaren 2013)

8.5.4 Konsekvens kulturminne


Kulturminne har middels verdi. Eit kulturminne vert forringa, eit nyare kulturminne vert noko forringa, men elles fører planen til ubetydeleg endring for kulturminna. Konsekvensgrad -1 (noko miljøskade for temaet).

8.6 Naturressursar

8.6.1 Noverande

Naturressursane i området er i form av jordbruksressursar. Størstedelen av jordbruksareala er registrert som innmarksbeite. Framleis går det sauer på beite, men bruken er i nedgang, og areala er i ferd med å gro att. All jordbruksaktivitet er i nedgang. Det er berre den nordligaste delen av innmarksbeitet som er avsett til reint LNF(R) i kommuneplanen – resten er avsett til LNF(R), spreidd busetnad. Området med fulldyrka jord er avsett til gravlund.

Det er også noko fulldyrka jord, og eit myrområde, som er vurdert som dyrkbar.



Naturressurser

8.6.2 Verdi naturressursar

Området er vurdert å ha liten verdi for naturressursar.

Verdi		
Liten	Middels	Stor
▲		

8.6.3 Påverknad naturressursar

Det er fem nye tiltak i planen som vil kunne påvirke naturressursane:

1. Ny gravplass – o_BGU3
2. Nye bustadtomter - BFS
3. Utviding av veg inklusiv parkeringsplass og snusløyfe for buss o_SKH.
4. Parkeringsplass o_SPP1
5. Parkeringsplass o_SPP6

1. Gravplassen

Område for dyrkbar og fulldyrka jord utgår til fordel for ny gravplass.

2. Nye bustadtomter

Det vert etablert 7 nye bustadtomter på til saman 4,3 daa på området for innmarksbeite/overflatedyrka jord.

3. Utviding av veg inklusiv parkeringsplass og snusløyfe for buss

Snusløyfe for buss vert regulert på område med overflatedyrka jord.

4. Parkeringsplass SPP1

Område for parkeringsplassen er registrert som overflatedyrka jord.

5. Parkeringsplass SPP6

Området for parkeringsplassen er registrert som fulldyrka jord.

	Påverknad				
	Øydelagd/ sterkt forringa	Foringa	Noko forringa	Ubetydeleg endring	Forbetra
Tiltak 1			▲		
Tiltak 2			▲		
Tiltak 3				▲	
Tiltak 4				▲	
Tiltak 5			▲		

8.6.4 Konsekvens naturressursar

Området har liten verdi. Tiltak i planen medfører at naturressursane vert noko forringa til ubetydeleg forringa. Konsekvensgrad 0.

8.7 Samanstilling av konsekvensar

Ut frå ei samla vurdering fører tiltaka i planen til **noko negativ konsekvens**, samanlikna med 0-alternativet, jf. tabell under. I hovudsak ser vi at verdiane ligg mellom liten og middels for alle tema, medan påverknaden av tiltak er kategorisert som forringa, noko forringa og ubetydeleg forringa.

Det er berre for eit tema der eit delområde fell inn under kategorien forringa. Det gjeld for tema kulturminne og handlar at ei dyrkings- og kokegrop (automatisk freda kulturminne) vil utgå. Dette spørsmålet vert handsama gjennom søknad om dispensasjon frå kulturminnelova.

Planen sikrar naturmangfaldsverdiar og kulturminneverdiar med omsynssoner og bandleggingssoner. Dette bidreg til ein betre situasjon enn dagens.

Tabell 6-7 Kriterier for samlet vurdering av Ikke-prissatte temaer


Skala	Trinn 3: Kriterier for fastsettelse av samlet konsekvens for Ikke-prissatte temaer
Kritisk negativ konsekvens	Alternativet medfører svært alvorlig miljøskade. Brukes unntaksvis. Minst ett av de fem temaene har kritisk negativ konsekvens
Svært stor negativ konsekvens	Alternativet vil medføre svært stor miljøskade. Minst to av de fem temaene har svært stor negativ konsekvens
Stor negativ konsekvens	Alternativet vil medføre stor miljøskade. Minst to av de fem temaene har stor negativ konsekvens
Middels negativ konsekvens	Alternativet er vesentlig dårligere enn referansealternativet Minst to av de fem temaene har middels negativ konsekvens
Noe negativ konsekvens	Alternativet er noe dårligere enn referansealternativet Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansealternativet Positive og negative konsekvenser oppveier hverandre. Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere.
Positiv konsekvens	Alternativet vil være bedre enn referansealternativet Minst to temaer med positiv konsekvens. Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere
Stor positiv konsekvens	Alternativet vil være vesentlig bedre enn referansealternativet Overvekt av temaer med positiv konsekvens. Ingen temaer kan ha dårligere enn noe negativ konsekvens.

Frå Handbok V712 Konsekvensanalysar

9. ANDRE KONSEKVENSNAR AV PLANFORSLAGET

9.1 Overordna planar og mål

Planframlegget er i strid med overordna kommuneplan i LNF-område der det no vert regulert for nye bustader. Det er likevel vurdert at det ikkje vil få større konsekvensar for den overordna strukturen i området, og planframlegget er konsekvensutgreidd, jf. kap. 8.



Gjeldande KPA

9.2 Eksisterande reguleringsplanar

Det har ikkje vore tenkt at tilgrensande planar skal vera med i reguleringa. Det er likevel gjennomført karttekniske tilpassingar mot eksisterande planar. Dette gjeld spesielt i nordvest, der ny plan omfattar tilpassingar i høve eksisterande situasjon innanfor naboplanen sine grenser.

9.3 Natur- og ressursgrunnlaget

For dette temaet, sjå konsekvensutgreiinga kap. 8.6 Naturressursar.

9.4 Terreng- og landskap

Etablering av parkeringsplass og snuplass for lokalbuss sør i planområdet krev ei større utfylling, og vil vere eit synleg inngrep i landskapet. Vegutvidinga vil skape skjeringar og vere godt synleg i det opne landskapet. Særleg snuplassen for buss, parkeringsplassen og utbetringa av kryss mellom Garnesvegen og Flotevegen og vil medføre større terrenginngrep. Parkeringsplass ved Bårdalen krev ei større utfylling. Denne må avtrappast mot sør og vest.

Det har vore viktig i utarbeidinga av planframlegget å la inngrep i størst mogleg grad følgje terrengformene i landskapet der det har vore mogleg. Den estetiske utformingar av vegen har vore viktig i reguleringa.

Ei utbygging av einestader på Neset vil liggje noko eksponert i høve til omgjevnadene, men det er regulert for same struktur som eksisterande bustadstruktur. Det er og teke omsyn til eksisterande grønstruktur, og det er regulert for større grønne område mellom spreidd busetnad, slik at ein vida-refører dagens struktur.

Langs fylkesvegen og kommunevegen vil det vere naudsynt med etablering av mur fleire stader. Her legg ein opp til avgrensa høgder og utføring i naturstein for å sikre vidareføring av eksisterande utsjånad. Inntrykk av murar vil reduserast med grønne skråningar, og nytt terreng skal tilpassast eksisterande terreng. Skjeringar, fyllingar og murar skal opparbeidast på ein slik måte at inngrepa vert minst mogleg, og slik at nær- og fjernverknad til omgjevnad vert dempa. Skråningar skal såast til eller verte beplanta med vegetasjon som naturleg høyrer til området. Eventuell heving av terreng skal tilpassast omgjevnadane.

9.5 Verknader for naboar og interessemotsetnader

Utbygging i tråd med planframlegget vil gje ein generell auke i området utnytting. Det vil verte fleire menneske i området og det fører med seg meir transport og aktivitet. Etablering av fleire bustader vil gje ei anna oppleving av landskapet.

Offentleg gravlund, vegutviding og regulering av spreidd bustad er hovudføremåla i planframlegget. Dette vil i all hovudsak betre tilhøvet for naboar og andre som brukar området. Planframlegget betrar avkøyrslar, trafikktryggleik, siktilhøve og vegbreidde, og er positivt for innbyggjarane og nærmiljøet.

Nokre av dei tilgrensande tomtane ved Kyrkjevegen, Flotevegen og Garnesvegen vil få endra sine avkøyrslar som følgje av planen. For BFS20 vil det måtte opparbeidast ny avkøyrslar som er litt ugunstig for tomte, men utan større verknader.

BAA2 får endra føremål på tomte. Deler av tomte vert og avsett til minnelund og park. Tomte ligg i dag omkransa av eksisterande grav- og urnelund og vegareal.

Utbygging av tomtene samt opparbeiding av ny gravlund vil kunne føra med seg meir trafikk, men då vegsystemet og er planlagt oppgradert vil det bli meir trygt i framtida enn det er i dag.

Det er ikkje ønskeleg med framtidig vidare utvikling av området på Neset utover den bustadreguleringa som vert gjennomført no, og derfor vert det lagt opp til LF-føremål i dei omkringliggjande områda rundt bustadene.

9.6 Friluftsliv, naturområde, born og unges interesser i nærmiljøet

Område med betre tilkomst og grønne samband opnar for meir tur- og friluftaktivitetar. Det vert tryggare for skuleborn langs vegen, og det vert regulert leikeplass ved dei nye bustadtomtene. Barn og unge sine interesser vert ivareteke på ein god måte.

Planframlegget regulerer for LNF langs sjøen og avgrensar slik ny utbygging i område som ikkje er regulert.

For tema naturmangfald, sjå konsekvensutgreiinga kap. 8.4,

9.7 Universell utforming og tilgjenge

Planframlegget har lagt opp til parkeringsplassar for forflyttingshemma. Regulering av fortau aukar tilgjenge for fleire. Vegen med tilhøyrande fortau er noko bratt fleire stader, med stigningar på 8-11,5 % - noko som ikkje tilfredsstillar universell utforming på desse strekningane. Jf. kap. 7.1.5.

9.8 Trafikkforhold og teknisk infrastruktur

Etablering av nye bustader og ny gravlund vil føre til meir trafikk, men planframlegget tar omsyn til dette ved å regulere opprusting av veg og etablering av fortau. Krysset mellom Kyrkjevegen, Garnevegen og Flotevegen skal utbetrast. Vatn- og avlaupshandtering skal inngå i arbeidet. Jf. VA-rammeplanen som følgjer planframlegget.

9.9 Sosial infrastruktur og servicetilbod

Utbygginga er ikkje av ein storleik som utløyser krav om nye servicetilbod. Skulekapasiteten i området er tilfredsstillande for utbygginga som er skissert. Det er både barnehage og skule i nærleiken av planområdet. Trafikktryggleiken til desse vil vera betre når utbetring av veg og etablering av fortau er gjennomført.

Oppgradering av fjordhotellet og ombygging til blanda føremål påverkar heller ikkje tenestetilbodet. Både restaurant og hotellrom skal vidareførast.

9.10 Kulturminne og kulturlandskap

For dette temaet, sjå konsekvensutgreiinga kap. 8.5 Kulturarv.

9.11 Risiko og sårbarheit

Det er generelt låg risiko i området, men det er likevel hendingar som er klassifisert i gul sone i ROS-analysen. Av dei mest nærliggjande kan nemnast tilhøve omkring skred/steinsprang, overvatn og veg/trafikk. Det vert synt til den utarbeida ROS-analysen i samband med planframlegget.

9.12 Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen

Kommunen skal dekkja kostnader i samband investering i ny infrastruktur, som veg, fortau, parkering, busshaldeplass og VA-anlegg. Det vert også framtidige kostnader med arkeologisk utgraving i samband med ny gravplass.

9.13 Energibehov og forbruk

Planframlegget medfører frå endringar i infrastruktur for energi, og eksisterande nett kan nyttast. Det er ikkje planlagt alternativ energiforsyning.

9.14 Konsekvensar for næringsinteresser

Ingen negative verknader for næringsinteressentar. Planforslaget vil potensielt auke turisme dersom oppgradering av fjordhotellet vert gjennomført.

9.15 Avveging av verknadene

For denne opplistinga, jf. også konsekvensutgreiinga, kap. 8.

Følgjande konsekvensar av planframlegget vert vurdert som negative:

- Terrenginngrep ved etablering av nye bustader, ny parkering og utviding av fylkesveg
- Fjerning av jordkjellar
- Utbygging på tidlegare slåttemark

Følgjande konsekvensar av planframlegget vert vurdert som positive:

- Auka trafikktryggleik
- Gravlundreserve
- Utbetra veg
- Opparbeiding av fortau
- Ny haldeplass for buss som ikkje hindrar anna trafikk
- Tilrettelegging for vatn- og avlaup og nye pumpestasjonar
- Utbetra tilkomst og vern av nyare tids kulturminne

10. UTTALAR OG MERKNADER

Det vert synt til innkomne merknader og merknadsoppsummering til planoppstart som er utarbeida i samband med planarbeidet.

11. REFERANSAR/KJELDER

- Hordaland fylkeskommune, «Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2028»
- Hordaland fylkeskommune, «Regional transportplan 2018-2029»
- Hordaland fylkeskommune, «Regional plan for folkehelse 2014-2025»
- Hordaland fylkeskommune, «Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025»
- Øygarden kommune, «Trafikksikringsplan 2012-2016»
- Øygarden kommune, «Kommuneplanen samfunnsdelen 2014-2022»
- Øygarden kommune, «Kommuneplan for Øygarden, planskildring med føresegner, 2014»
- www.godtur.no
- www.kilden.skoglandskap.no
- www.regionradetvest.no
- www.geonorge.no
- www.kart.ivest.no
- www.miljostatus.no
- www.naturbase.no
- www.vegvesen.no
- <http://geo.ngu.no/>
- www.skrednett.no
- www.seeiendom.no
- <http://artskart.artsdatabanken.no/>
- www.kulturminnesok.no
- Askeladden – database for kulturminner
- SEFRAK
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (2011)
- Regjeringen.no: Statlige planretningslinjer